



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

Anleggsarbeid i sjø for å etablere ny containerhamn - Måsholmen i Florø - søknad om løyve etter forureiningslova- høyringsfrist 20. juni 2024

Måsholmen Utvikling AS søker om løyve etter forureiningslova for anleggsarbeid i sjø. Formålet med tiltaket er å etablere eit nytt hamne- og næringsområde ved Måsholmen-Håskjera. Det er planlagt ei ny containerhamn med djupvasskaiar som kan ta imot skip opp til 150 meters lengde.

Anleggsarbeida omfattar utfylling av 1,14 millionar m³ utfyllingsmassar over 129 000 m² sjøbotn. Det skal i fyste omgang takast imot overskotsmassar frå Kystverkets utdjupeing i innseglinga til Florø, der massane vert levert med lekter. Det skal også utførast undervasssprenging ned til kote minus 10 for å oppnå djupne framfor kai. Undervasssprenging er berekna til å utgjere ca. 7 000 m³ stein over 2 200 m² sjøbotn. Arbeida er planlagt gjennomført frå sommar/haust 2024-2027.

Detaljreguleringsplan for hamne og næringsområdet er ikkje vedteken enno. Planen har vore på offentleg ettersyn til og med 22. mars 2024. Fiskeridirektoratet varsla motsegn 8. februar som blei trekt 25. april etter at tre av reguleringsføresegnene blei endra 28. februar. Desse tre endringane i reguleringsføresegnene er relevante for sakshandsaminga etter forureiningslova og er (sitat):

2.1.7 Fylling i sjø og anleggsperiode:

k) Det er ikkje tillate med utfylling i sjø i gytetiden for kysttorsk, dvs. i tidsrommet 1. februar til og med 30. april.

l) Det skal settast i verk avbøtende tiltak som hindrer mot spredning av finpartikler i vannmassen gjennom periode for bunnslåing og tidlig oppvekst, dvs i tidrommet frå og med 1. mai til og med 15. juni. Plan for og vurdering av eigna avbøtande tiltak, skal utførast av fagkunnige.

6.2 Før igangsetjingsløyve (IG)

i) Ved søknad om IG for utfylling i sjø, skal det leggst fram plan for og vurdering av eigna avbøtande tiltak for å hindre spreining av finpartiklar i vassmassene, jfr. Pkt. 2.1.7 l).

Asplan Viak har i sin rapport¹ "konsekvensutredning marin del" kapittel 8 (side 28) foreslått 10 avbøtande tiltak for gjennomføring av arbeida i sjø. I søknadsskjemaet pkt. 4e ("gje greie for

¹ Måsholmen – Håskjera Konsekvensutredning marin del. Asplan Viak 21. november 2023



avbøtande tiltak") har Måsholmen Utvikling det referert til denne rapporten. Så me legg til grunn at det er søkt om å nytte følgjande avbøtande tiltak (sitat):

"Tiltak som kan begrense negative konsekvenser ved utfylling og etablering av containerhamn er:

- Siltgardin for partikler. Dog er tiltaksområdet stort og siltgardin kan være vanskelig å sette opp
- Sugemudring av masser som flyttes
- Masser som benyttes i utfylling og som kan lekke bør ha bedre enn bedre miljøkvalitet enn tilstandsklasse III i henhold til vanndirektivets klassifiseringssystem
- Sikre at gjenetablering av taeskog vil finne sted – for å minke fragmentering av habitatat
- Overvåking av arbeidet med real-time sensorer for å hindre overskridelse av akseptnivåer
- Sammenhengende arbeide for å minske forstyrrelser/støy, kortere arbeidstid totalt
- Anleggsarbeide utenom gyteperiode for torsk
- Plassering av brokar og fylling så de står parallelt med strømmen i Trolleskjersundet, særlig i vestre del av Trolleskjersundet hvor utfyllingen med fordel kan vinkles så den får en størst mulig åpning mot nordvest
- Unngå smalere åpning enn minst 60 meter under broforbindelse til land over Trolleskjersundet
- Maksimere helningsvinkel på utfylning i Trolleskjersundet så volumbeslag minimeres og vannstrøm endres i minst mulig grad"

Statsforvaltaren registrerer at avbøtande tiltak knytt til undervasssprenging ikkje er vurdert eller omtalt og me ber om at de særleg gir uttalar knytt til dette arbeidet. Det som er standard vilkår i våre løyve er at sprenging ikkje skal skje i gytetida og at det før gjennomføring må dokumenterast med akustisk fagkompetanse at valt sprengemetode (mengde sprengstoff, med eller utan fordemming mv) ikkje gjev lydtrykk som skadar eller drep kjende fiskeriinteresser i nærleiken av sprengområdet og vidare behov for avbøtande tiltak, for eksempel boblegardin.

Søknaden med vedlegg og Statsforvalterens brev i saka vert gjort tilgjengeleg på Statsforvalterens heimeside: <https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/hoyringar/>.

Ber om eventuelle uttaler innan 20. juni 2024

Statsforvalteren ber om uttale fra kommune om handtering etter plan- og bygningslova og evt. andre merknader. Vi ber Museum Vest, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet og Sør-Norges Fiskarlag om å vurdere tiltaket ut frå omsyn til marine kulturminne og fiskeriinteresser.

Statsforvaltaren ber om eventuelle uttalar til vedlagte søknad innan 20. juni 2024. Uttalar kan sendes til sfvlpost@statsforvalteren.no merka 2024/4957.

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Søknad med fagrapportar og kart/tverrsnitt



Kopi til:

iVest Consult

Måsholmen Utvikling AS

Mottakerliste:

Kinn kommune

postboks 294

6701

MÅLØY

Fiskeridirektoratet

Postboks 185 Sentrum

5804

BERGEN

Mattilsynet

Postboks 383

2381

BRUMUNDDAL

Bergens Sjøfartsmuseum

Sor-norges@fiskarlaget.no